




Originalt Sykes-Picot-kart over oppdelinga av Midtausten i 1916. Zeutschel Omniscan 11

linje. Hjelp frå USA gav Barzanî makt på 1990-talet. Han samarbeider med Israel og er tett alliert med Tyrkia, både politisk, økonomisk og militært. Barzani stengde parlamentet da presidentperioden gjekk ut for to år sidan. Han kallar seg framleis president, og seier han vil rive laus den kurdiske regionen frå Irak. På gata i Hewler merkar eg at dette standpunktet har massiv folkeleg støtte.

NYE KONFLIKTAR

Om Barzanî lykkast, kan han få til eit lite Kurdistan som er avhengig av Tyrkia. Men eit lydrike under Tyrkia er noko anna enn det folket sa ja til i folkerøystinga.

Kampen for lausriving kan oppmuntre dei som vil skilje ut andre delar av Irak. Ei deling av både Irak og Syria betyr at store arabarstatar blir erstatta av fleire som er små og svake. Israel og USA vil ha fordel av det.

I nauda et fanden fluger. PKK-fienden USA har i snart tre år vore alliert med PYD, partiet som slåst for same samfunnsmodell som PKK. Og er det noko USA ikkje vil ha i Midtausten, er det eit slikt samfunn. Likevel er PYD og USA framleis allierte mot Daesh. Når Daesh er nedkjempa, kjem éin av dei til å tape. I Nord-Syria er det ikkje plass til både USA og den samfunnsordninga PYD har bygt opp.

«President» Barzanî som arrangerte folkerøystinga, arbeider intenst for at PYD og Rojava skal mislykkast. Han og president Erdogan i Tyrkia er samde på det punktet. Men dei bruker ulike metodar.

Både utanforståande stormakter og regjeringane i Ankara, Teheran, Damaskus, Bagdad og Riyadh kvesser no knivane framfor ei ny deling av Midtausten. Dei ulike linjene som kurdiske rørsler står for i Syria og Irak, kan få mykje å seie.

Drosjesjåførane eg snakkar med i Hewler, heiar på både Barzanî og Rojava. Så enkelt og så vanskeleg er det.

Erling Folkvord er tidlegare sosialarbeidar og representant på Stortinget og i Oslo bystyre for partiet Raudt.

NIAL FERGUSON

Niall Ferguson er britisk historikar og professor ved Stanford University.



Illevarslande lydar frå ekkokammeret

Det er på tide Zuckerberg seier det som det er: Nettsamfunn skaffa Trump sigeren.

I oktober i fjor, berre nokre veker før presidentvalet i USA, peika eg på noko merkeleg med valkampanjen til Donald Trump. På eit massemøte i Pennsylvania las Trump høgt frå eit e-brev han påstod var skrive av Sidney Blumenthal. Blumenthal meinte, ifølgje brevet, at Hillary Clinton, som utanriksminister, kunne ha forhindra terroriståtaket i Benghazi i 2012, der fire amerikanarar mista livet. Folk slukte bodskapen.

I røynda, som eg gjorde merksam på, var det ei russisk nettside, Sputnik, som feilaktig hevda at orda Trump las, kom frå Blumenthal. Sputnik hadde henta dei frå ein artikkel i Newsweek.

Det var alt da klart at den russiske regjeringa blanda seg inn i valet. Tryggingsdepartementet hadde sendt ut ei melding om at Kreml hadde «gjeve ordre om» å hacke e-postkontoar knytte til det demokratiske partiet, og at meininga var «å påverke den amerikanske valprosessen».

«Det var ikkje ei twittermelding frå Boston. Ho var frå Vladivostok».

Kort tid etter valet hevda Mark Zuckerberg, medgrunnleggjaren av Facebook, at det var «ein temmeleg vanvittig idé» at *fake news* kunne ha avgjort valet i Trumps favør. For eit par veker sidan måtte han vedgå at han angra på desse orda.

No veit vi at før (og etter) valet kjøpte russiske nettroll med falske identitetar over 3000 facebookreklamar. Sjølv om dei berre hadde betalt 100.000 dollar, kunne reklamane vere sett av titals millionar menneske. I tillegg nytta russarane Facebook Events til å organisere falske politiske protestar i USA, inkludert ein antiinnvandringsdemonstrasjon i ein småby i Idaho som er kjend for å ha ei positiv haldning til innvandrarar.

Twitter vart brukt på liknande vis. Som svar på granskningar sette i verk av Kongressen, har selskapet innrømt at det har identifisert om lag 200 kontoar knytte til Russland, og at den Kremlstøtta nyheitssida RT brukte

ein kvart million dollar på twitterreklame i fjor.

Det er framleis for tidleg å konkludere med at den russiske bruken av sosiale medium avgjorde valet. Likevel kan vi truleg slå fast at nettsamfunn avgjorde valet. Det verkar som russarane sikta meir mot å utvide den politiske splittinga i USA enn å få Trump vald. Trumpkampanjen brukte om lag 90 millionar dollar på reklame i sosiale medium, storparten gjekk til Facebook. I november i fjor sa Brad Parscale, IT-sjefen i Trumps kampanje: «Facebook og Twitter var årsaka til at vi vann.» Eg trur han har rett.

Mange har teoriar om kvifor Trump vann. Nokre snakkar om økonomisk ulikskap, andre om raseskilje, atter andre om Clintons lyte. Det alle har felles, er at dei på ingen måte evna å sjå at Trump kom til å vinne. Det andre dei har sams,

eksistert, ville Trump vore tvinga til å føre ein meir konsjonell valkampanje. Då ville dei økonomiske ressursane til motkandidaten – som var over dobbelt så store som hans – truleg ha vore avgjerande.

På under ti år har den poffentlege sfæren – og den demokratiske prosessen – blitt revolusjonert. I 2008 hadde den republikanske presidentkandidaten som tapte, John McCain, 4492 twitterfølgjarar og 625.000 facebookvener. Obama hadde fire gonger så mange «vener» og 26 gonger så mange følgjarar. Og enda var plattformene i sin barndom. Facebook vart skapt ved Harvard berre fire år tidlegare. Twitter kom i mars 2006.

I dag har Facebook over 2 milliardar brukarar. I USA er to tredjedelar av alle vaksne på Facebook. Nær halvparten – 45 prosent – hentar nyheitene sine der. Ein av ti får nyheiter frå Twitter. Om lag 40 millionar menneske (og robotar som sanka informasjon) følgjer @realDonaldTrump.

Problemet er ikkje berre *fake news*, som den ikkje-eksisterande demonstrasjonen mot innvandring i Idaho, sjølv om problemet vil vare ved så lenge identitetar kan lagast utan verifisering. For to veker sidan dukka det opp ei twittermelding frå noko som gav seg ut for å vere Boston-avdelinga av antifascistrøsla Antifa: «Meir ein-sidig bruk av kjønnsomgrep om National Football League-

tilhengjarar, og glutenfrie val på stadion. Vi likar det nye NFL. #NewNFL #TakeAKnee #TakeTheKnee.»

Kor typisk er det ikkje for dei venstrevridde frå New England å halde med fotballspelarar som har gått ned på kne under avspelinga av «The Star-Spangled Banner» i protest mot politivald mot afro-amerikanarar. Det er berre det at nettrollet som hadde ansvaret for twittermeldinga, gløymde å sperre for lokaliseringstenestene. Twittermeldinga kom ikkje frå Boston, men frå Vladivostok.

Alle – inkludert russiske nettroll, så lenge dei hugsar å skjule kvar dei held til – kan nytte sosiale nettverk til å spreie både løgner og ekstreme meiningar. Dette er eit kjerneproblem gigantane i Silicon Valley undervurderte grovt. Flokktendensen gjer at folk som deler meiningar og haldningar, samlar seg i kva som helst slags sosiale nettverk, uansett storleik. Resultatet er massiv polarisering.

Ein fersk studie av 665 bloggar og 16.852 lenker mellom dei syner at dei forma to så å seie separate grupper: éi liberal, éi konservativ. Ein tilsvarende studie av Twitter avdekte det same mønsteret: Konservative brukarar sender berre konservative meldingar vidare. Det mest slåande er likevel at når det gjeld «populære» saker, som våpenkontroll, ekteskap mellom likekjønna og klimaendringar, er det meldingane med moralsk og emosjonelt farga språkbruk som helst blir sende vidare.

Himmelen mørknar over Silicon Valley. Facebook eller Fakebook? Twitter eller Twister?

For eit par veker sidan fyrte Trump av sitt første (og karakteristisk nok utakknemlege) skot mot Facebook: «Facebook was always anti-Trump». Zuckerberg skaut attende: «That's what running a platform for all ideas looks like.» Spørsmålet er kor haldbart argumentet hans er. Ein plattform for alle idear? Eller den mektigaste medieutgevaren i verdas historie?

Einerett: The Sunday Times / Dag og Tid

Omsett av Lasse H. Takle.



Mark Zuckerberg då han førebudde seg til Facebook-møtet i Chicago i juni i år. Foto: Nam Y. Huh / AP / NTB scanpix